

ÅRGANG 44  
NUMMER 1

JANUAR 2020

# TAVLA

BYGDEAVIS FOR KJØLSDALEN KRINS

UTGJEVAR:

KJØLSDALEN  
UNGDOMSLAG

FRIST NESTE TAVLE:

## 1. FEBRUAR

Stoff kan sendast til  
Dianne Eikås,  
tlf. 918 41 657 eller e-post:  
[diannjor@online.no](mailto:diannjor@online.no)

^^^

Støtte til drift av TAVLA:  
Kontonr 3790 21 11981.  
Merk giroen med Tavla.

Bur du utanbygdes og ønskjer å  
vere e-post mottakar av TAVLA  
Send e-post adressa di til  
[diannjor@online.no](mailto:diannjor@online.no)

## GUDSTENESTER KJØLSDALEN KYRKJE

Søndag 19. januar klokka 11.00  
**Famili gudsteneste** der 2-, 3- og  
4-åringar er spesielt invitert

Soknerådet



## MEDLSMESMØTE I SANITETEN

Kirsebærhagen. 20. januar kl. 19.00

SAKER:

Forberede årsmøte.  
Fastelavnsris.  
Eventuelt.  
Utlodning.  
Kaffi og mat.



Vel møtt til nytt arbeidsår.  
Astri E. leiar.

## GENERALPRØVE PÅ NM-STYKKE

Musikklaget har generalprøve på NM-stykket

«A Malvern Suite»

tysdag 4. februar kl 20.15.

Dirigent Arvid Anthun.



VI HÅPAR PÅ FULL SAL 😊



Arrangør: KjølSDalen musikkLag

## FLASKEINNSAMLING

MÅNDAG 6. JANUAR  
frå klokka 17.00.

Om nokon har pant som dei  
ynskjer å få henta til andre  
tider, ta kontakt med :  
-Åse Sundal tlf 901 99 767  
-Sissel Nilsen tlf 478 09 936  
-Heidi Berstad tlf 415 13 292

Økonomi nemnda i  
skulemusikken



## MEDLEMSMØTE BYGDEKVNNELAGET

TORS DAG 16. JANUAR  
Samfunnshuset klokka 19.30

Planlegging av regionsamling for  
Nordfjord, - onsdag 12. februar.  
Nytt frå fylkesstyret.  
Planer for aktiviteten i  
vårhalvåret.

Kaffi, te og litt attåt ...

Nye og gamle medlemmar er  
hjerteleg velkomne 😊

Styret i Bygdekvinnelaget



## STRIKKEKAFÉ

Vi møtest i Føleidestova i Samfunnshuset

Onsdag 8. januar 19.30-21-30  
Onsdag 22. januar 19.30-21.30  
Kaffi, te og litt attåt ...

ALLE HJERTELEG VELKOMNE!  
Bygdekvinnelaget



## SANITETSTUR TIL DRESDEN

Kjølsdalen sanitetsforeining arrangerer  
TUR TIL DRESDEN i perioda **3. mai - 11. mai**.  
Program for turen med mulighet til å melde seg på  
sjå: [www.kjolsdalen.no](http://www.kjolsdalen.no) og facebook /kjolsdalen  
inviterer.

*Kjølsdalen sanitetsforeining*  
*Utanlandsturnemnda - Jorunn Breiteig*



## ÅRSMØTE I SANITETEN

**Kirsebærhagen 24. februar 2020**

Vanlige årsmøtesaker.  
Kjem tilbake til sakliste i neste nr. av Tavla.



*Styret ved Astri Elvebakke.*



## KJØLSDALEN MONTESSORISKULE

### STYREMØTE 01 - 2020

Måndag 24. februar kl. 18.30 er det styremøte nr. 1 for 2020 i Kjølsdalen Montessoriskule. På saklista står mellom anna fastsetjing av dato for årsmøte for 2019. Info om årsmøte kjem ein attende til i Tavla i mars.

### OPEN DAG 2020

Måndag 10. februar inviterer born og vaksne ved skulen alle interesserte til open dag. Det vil verte kafé med sal av middagsmat, kaffi og kaker, underhaldning og presentasjonar ved born og unge.

### NY MONTESSORIPEDAGOG

I desember 2019 avslutta tilsette Heidi Beate Erviksæter Hals sin toårige vidareutdanning i Montessoripedagogikk ved Universitetet i Sørøst-Norge med fleire avsluttande eksamenar. Dette gjekk strålande, og det vart AMI-diploma (Assosiasjon Montessori International) på Heidi. Vi gratulerer, og er stolte over å ha fått på plass ein ny montessoripedagog ved skulen.

### NY TILSETT I VIDAREUTDANNING

Frå veke 3 i 2020 vil Kari-Ann Haugland Horne, som har vore med oss frå 2013, være i vidareutdanning ved Universitetet i Sørøst-Norge. Ho vil ta toårig studium i Montessoripedagogikk. Vi er audmjuke og glade for at tilsette tek vidareutdanning, som er krevjande ved sidan av arbeid og familie.

*Thomas - rektor*

## VINDFYLLA SPELEMANNSLAG

### ØVINGAR

Øvingar kvar tysdag kl. 20.15 på Kjølsdalen Montessoriskule.

### DANSEPELINGAR

Laget startar opp sesongen 2020 med nyttårsdans i Gimle på Sandane laurdag 4. januar frå 20.00. Vekk med ribbefettet, gå ut og dans!  
Så spelar laget til dans søndag 19. januar kl. 20.00 i Valhall på Nordfjordeid. Ope for alle!

### ÅRSMØTE

Det vert skipa til årsmøte i Vindfylla Spelemannslag tysdag 25. februar kl. 20.00 i Vrimlearealet på Kjølsdalen Montessoriskule.  
Vanlige årsmøtesakar. Framlegg til saker på årsmøtet må vera hjå styret minst 1 veke før møtet. **VEL MØTT!**





## KJØLSDALEN MONTESSORISKULE

*Gje barnet ditt ein roleg skulekvardag,  
der dei vert sett som den dei er, kvar dag.*

### **ELEVINNTAK SKULEÅRET 2020/2021**

*Søklarar må setje seg godt inn i kva tilbodet går ut på,  
og korleis skulen driv etter montessoripedagogikken.*

Søknadsfrist hovudopptak: 1. mars 2020

Søklarar etter 1. mars vert automatisk sett på venteliste

Barnetrinn: Primært inntak på 1. trinn

Få ledige plassar på 5. og 6. trinn (2010/2011-kull)

Atterhald om ledige plassar på andre trinn

Ungdomstrinn: Ledige plassar på 8., 9. og 10. trinn

Gratis skuleskyss for alle elevar med rett.

[www.kjolsdalenmontessori.no](http://www.kjolsdalenmontessori.no)

Tlf: 57864950 / 92441035

E-post: [thomas@kjolsdalenmontessori.no](mailto:thomas@kjolsdalenmontessori.no)

### **VIKARIAT VAKTMEISTER/BYGGDRIFTAR**

Skulen har ledig vikariat som vaktmeister/byggdriftar f.o.m. 01.02.2020 t.o.m. 31.07.2020. Opp til 100% stilling. Løn etter tariff. Ein må være glad i å planlegge eigen arbeidsdag, ha nærkontakt med born (vi ønskjer at vaktmeister gjer ein del oppgåver i lag med borna) og trivast i eit fleksibelt arbeidsmiljø. Ta kontak med rektor Thomas Hals på 92441035/  
[thomas@kjolsdalenmontessori.no](mailto:thomas@kjolsdalenmontessori.no)

### **OPEN DAG**

Nysgjerrig på kva Montessoripedagogikken er? Vil du vite meir?

**Måndag 10. februar kl. 15.30—17.30:**

**OPEN DAG i skulen**

kafé m/middag, kake og kaffi

presentasjonar av materiell og arbeidsmåtar.

# BYGDEKINOEN

KJØLSDALEN SAMFUNNSHUS - ONSDAG 15. JANUAR

KI 18:00 FROST II

Aldersgrense: 6 år.

Kvifor blei Elsa født med magiske krefter? Sanninga kjem for ein dag og truar riket hennar. Saman med Anna, Kristoffer, Olaf og Sven, legg ho ut på ei farleg reise.



KI 20.00 TUNELLEN

Aldersgrense: 12 år

Ein tankbil kolliderer i ein tunnel i den iskalde norske fjellheimen. Barnefamiliar, ungdommar og turistar blir brått og brutalt sperra inne i mørket. Utanfor herjar snøstormen, og hjelpemannskapet står fast. Tankbilen byrjar å brenne, men kjem hjelpa fram i tide?

*Trekloveret 4H*

Lik også Kjølssdalen Bygdekino si facebookside:  
<https://www.facebook.com/kjolssdalenbygdekino/>

*Vi ønskjer alle lesarar ei godt nytt år!*

*Utgjevar: Kjølssdalen Ungdomslag, 6776 Kjølssdalen*